

**Protokoll til styremøte i Bremnes Idrettslag**

Møtenummer: 7/2023  
Dato: 01.06.2023  
Kl: 19:00  
Stad: Klubblokalet  
Innkalla: Vivian Kvarven, Tine Pernille Olsen, Monica Urang, Tone Legøy Nordtun, Kristina Nesse, Kjell Arne Ådnanes, Tore Natterøy (Tom Larsen stedsfortredar for Tore), Ronnie Kallevåg, Rune Aarskog, Lennart Anddal (vara), Turid Birgitte Aga (vara), Torbjørn Agdestein (ADM)  
Ikkje Møtt: Turid Birgitte Aga (vara)

**Saksliste:**

Saksnr.	Sak	Type	Ansvarleg	Tid satt av
50/23	Godkjenning av innkalling/forrige referat (protokoll). Innkallinga og protokoll godkjent og protokoll legges ut på heimesida	V	Vivian	5 min
51/23	Økonomi Gjennomgang av rekneskapet pr 31.04. Større inntekter og utgifter enn tidlegare. Ligg forran budsjettet. Diskusjoner rundt fordeling av sponsorinntekter.	O	Monica	5 min
52/23	Kort oppdatering frå avdelingane: Turn: Trenarmøte måndag 05.06. Det er stor pågang på antall medlemmar i gruppa, og slit dermed med trenarsituasjonen. Ein av to lønna trenarar sluttar, den andre er med vidare og skal kursast i Sandnes til hausten. Gymfest i Vest gjennomføres i helga (3-4 juni). Me har fått mykje inntekter på arrangementa våre. Dugnadsånd er eit problem hos oss. Det er alt for få som stiller og me vurderar ny struktur på dugnadsgjennomføringa vår.  Friidrett: Stevne i Fana i helga(3-4. juni). 2 stk representarar Bremnes. Planlegg å delta på Stord-leikane i august og håpar på fleire representantar der. 3 stk er kvalifisert til UM i september. Startar opp mellomgruppe til hausten, ynskjer å promotere tilbudet på sosiale media. Dette blir ei 9-11 års gruppe. Siggjodiltten blei gjennomført 2. pinsedag. 60 stk påmeldte. Fylkesnes Fisk stilte med banner og var sponsor ilag med Bremnes Seashore og Fremskridt  Fotball: Planlegger neste trenarmøte i 2 bolkar. Eit for barnefotball og eit for ungdomsfotball. Er tidlig i gang med å planlegge neste år for å få det best mulig planlagt. Penslar oss inn mot Rogaland. SU er i gang med sitt arbeid som er utvikling av sportsplanen. Moster J9 ynskjer samarbeid med oss som er veldig positivt. Har tatt opp dialog på	O/V	Rune,Ronnie,Tore	10 min

**FOTBALL - TURN - HANDBALL OG FRIIDRETT****Bremnes Idrettslag, Idrettsveien 87, 5430 Bremnes - Tlf 53421666 - Epost: bil@bremnesil.no**

	dette. Me får bruke anlegget til Moster og har tatt godt bruk av det.			
53/23	Representanter til styret i SIA Sigbjørn Sætre og Kristian Østensen blir våre representanter til Styret i SIA. Vivian Kvarven og Ronnie Kallevåg blir Vara. Vedtatt.	V	Vivian	10 min
54/23	Fordelingsnøkkel Rema Cup Gode og mange diskusjoner på korleis fordele overskuddet frå Rema Cup. Valgte å gå bort i frå den gamle modellen og heller lage ein prosentsats. Fordelinga blir som følger: Fotball 68%, Turn: 15%, Administrasjonen 10%, Friidrett 7%. Forslag vedtatt.	O/V	Alle	10 min
55/23	Ungdomsrådet Utsetter denne saken til neste styremøte då ikkje alle gruppene hadde representanter klare.	O/V	Alle	15 min
56/23	Saker/info frå administrasjonen: - Ferieavvikling Administrasjonen la fram ferieavviklingsplan for i år. - Rema Cup Status Administrasjonen la fram status for Rema Cup. Dugnadslister på plass. Kampoppsett på plass. Bestillinga av varer på plass. Me ligg i rute for ein flott cup 9-11 juni	O/V	ADM	10 min
57/23	Eventuelt Ingen saker tatt opp under Eventuelt.	O/V	Alle	20 min

Type saker: Vedtakssak=V, Orienteringssak=O,

Dersom nokon av styremedlemmane ser seg som inhabil i ei sak, ber ein om at dette meldast styreleiar så raskt som mogleg.

Vivian Kvarven  
Leiar hovudstyret